

MENINGER

FULLT NAVN. Innlegg på trykk skal være signert med fullt navn. Anonyme innlegg underbygges med helt spesielle behov for å være anonym. Du kan også lese mer på www.hamar-dagblad.no. **SKRIV KORT.** Innlegg som er kortere enn 280 ord slippes leveres som e-post til mening@hamar-dagblad.no eller SMS til 2097 kodeord HD

Gapskrattande katt

Mjau, seier katten, og det gjer han visst på svært mange språk, med litt dialektal variasjon, t.d. meow på engelsk og miau på tysk. Då er det nesten rart at ikkje katten har fått eit lydhermande eller på ein annan måte beskrivande namn, slik som mange andre dyr. Vel, for så vidt går nokre forklaringar ut på at katt tydingsmessig har noko å gjere med krumming, som då ville kunne vise til at katten er dyret som krummar ryggen.

Katten som husdyr kom opphavleg frå Egypt, og det finst mange variantar av ordet katt i dei ulike språka i verda. Personleg er eg mest oppteken av dei germanske språka. I norsk og tysk har vi t.d. ei sterk og ei svak form, dvs. katt og katte eller Kater og Katze. Ein katt treng ikkje å vere ein hannkatt på norsk, mens Kater må vere det. Katze kan vere begge delar, og på norsk kan både katt og katte referere til hann- og hokatt. Skal ein vere veldig spesifikk på norsk, kan ein bruke kjette for hokatt. Men no er eg eigentleg mindre interessert i huskatten akkurat no. Eg er meir interessert i eit anna dyr i kattefamilien. Dette dyret har nemleg ikkje det same namnet på engelsk og tysk, som er dei språka eg helst likar å samanlikne med.

Dyret eller ordet eg er interessert i denne gongen, er gaupa. Gaupa heiter lynx på engelsk og Luchs på tysk. Gaupa er ein vill katt eller ein villkatt, alt etter korleis ein ønskjer å sjå det. Det latinske ordet for gaupa er lynx, og det over-

raskar vel lite at engelsk har overteke det latinske ordet. Det tyske Luchs liknar jo, men ser likevel litt annleis ut. Her har vi nok hatt ein assimilasjon av nk, dvs. at dei to lydane n og x (ks) blei slått saman. Det same fenomenet har vi t.d. i norsk takk versus engelsk og tysk thank og Dank. Lox var også den forma ein brukte i gammalengelsk. Dansk mista k-elementet og har los, og svensk har forma lo utan verken n eller ks (x).

Namnevariantane med lo-/lu-/ly- har å gjere med lys (jf. også latinsk lux) og viser nok til dei lyse delane i pelsen til gaupa. Ei anna forklaring kan vere at det er auga til gaupa som lyser. Men på avstand er det kanskje helst den delvis lyse pelsen ein legg merke til først. Alt dette er jo vel og bra, men kvar kjem så ordet gaupe inni biletet?

I det germanske språkfelleskapet, bl.a. i norsk, engelsk og tysk, vil det vere svært mange ord som er i slekt, og som har ei form som liknar på ei form i eit av nabospråka. Men gaupe liknar jo ikkje i det heile på lynx eller Luchs eller lo. Så då blir eg sjølv sagt litt nysgjerrig og må prøve å finne ut korleis gaupa kom til namnet sitt her i Noreg.

Ein finn sjølv sagt ordet gaupa allereie i gammalnorsk, og det finst også ei svensk form göpa, med den typiske monoftongeringa av au til ø. Ordet gaupa heng saman med bl.a. angelsaksisk géopan, kan ein lese i Falk og Torp si etymologiske ordbok, og tyd-

inga er å sluke. Ordet fanst tidlegare også med tydinga krumma hand og spelar då på holrommet som oppstår, jf. gaupn. Elles har vi i norsk også gaupe som namn ein karm rundt ei opning, og då er ordet visstnok lånt frå lågtysk. Det er altså tydeleg at gaupa rett og slett er dyret som gapar. Og her ser det ut til at dei gamle nordgermanarane ikkje først og fremst tenkte på pelsen til gaupa, men på det store gapet som denne villkatten kunne vise fram i visse situasjonar. Dette kan eventuelt også tyde på at gaupa blei sett på som eit like stort skadedyr som bjørnen og ulven, som kunne vere ein fare for t.d. sauene på garden.

Islekt med gaupe og gape er også geipe, som er å prate eller slarve, men som bokstavleg kan tyde at ein opnar gapet for mykje og for lenge. Ordet geipe igjen finst også som gipe, som tyder å opne eller å la stå ope. Ei gipe er ei opning eller eit gap, og gapet lukkar seg her for oss på den måten at vi ser at orda og tydingane heng nært saman. Så dersom du skulle vere så heldig at du ser ei gaupe, gjeld det å ikkje henge med geipen, men å gape og gispe i undring og respekt for eit av våre vakraste kattedyr med ei lysande fortid og framtid, får vi håpe. Lux aeterna.

JENS HAUGAN

Førsteamanuensis i norsk
Høgskolen i Hedmark

Vår økologiske rikdom i Norge

Norge består for en stor del av fjellgrunn med store vannressurser som resultat. I vann skapes alle former for liv. Ergo er vann vitalt for det biologiske mangfoldet som vi mennesker er en del av. Våre våtmarker og innsjøer er også en del av dette biologiske mangfoldet.

Når jeg går og sykler i vår vakre utmark, være seg i Stange, Ringsaker, Vang eller Løten, ser jeg av og til våtmarker og innsjøer som trues av gjengroing og destruksjon på grunn av manglende, eller neglisjerte, skjøtselsplaner. I tillegg har økt ferdsel, aktivitet og forurensning medført at våtmarker flere steder har blitt en truet naturtype. Mange plante- og dyrearter som er knyttet til våtmarksområder, har i kjølvannet av dette hatt en negativ bestandsutvikling. Dette gjelder for innsjøer og våtmarksområder her i innlandet samt for områder rundt Oslofjorden og andre fjordområder i Norge.

FN har utpekt 2010 som det internasjonale naturmangfoldsåret. Både nasjonalt og gjennom internasjonale avtaler har Norge forpliktet seg til å ivareta viktige

Regjering leverer!

Den rødgrønne regjeringen holder sine løfter og leverer på de fleste områder som er viktige for vanlige folk. Vi vil spesielt nevne tre viktige områder hvor regjeringen og Arbeiderpartiet har svært gode resultater å vise til.

Med Europas laveste arbeidsledighet kan man trygt fastslå at regjeringen styrer Norge gjennom den globale finanskrisen. Stoltenberg regjeringen har vært ansvarlige i gode tider og dette har gitt Norge en unik mulighet til å motvirke stigende arbeidsledighet. I Arbeiderpartiet er målet om at alle som ønsker det skal ha ett arbeide og gå til vår viktigste prioritet. Vi er derfor stolte av å kunne levere lav ledighet i en tid med stor global økonomisk tilbakegang. Dette er

Midtøsten: Påstander og fakta

Både USA, EU og Israel m.fl. liker det de ser på Vestbredden der selvstyremyndighetene nå ser ut til å ta skjeen i en annen hånd. De bruker mye mer av tilførte penger på å utvikle områdets infrastruktur og mindre penger enn før på våpen til bruk mot Israel.

Vi har i nylige innslag på TV sett at folket i områdene på Vestbredden er fornøyd med en slik utvikling.

krig og terror fra Hamas.

Når så en blokade mellom samfunn i krig forsøkes brutt med den provokasjon "Gazakonvoien" var, så er det etter internasjonal lov og folkerett fullt tillatt at motparten, i dette tilfelle Israel, setter en stopper for det, også i internasjonalt farvann.

Gaza har i hele blokadeperioden fått inn store og ukentlige forsyninger av alle

de 70 prosent av det vann som til enhver tid brukes, og det er skyhøyt over det vi finner i det land som er nr. 2 i vannsparing, Spania, der de gjenvinner 12 prosent.

Pr. år har Israel et vannbudsjett på ca. 3 milliarder kubikk som skal fordeles på ulike områder og sektorer, inkludert Gaza og Vestbredden. Det er strid om vannressursene i Midt-Østen og jeg tror mange